

Vestnes bondelag

# Inviterer til open gard på Daugstad

Laurdag 15. september arrangerer Vestnes Bondelag "Open gard" hos Helge Hoem og Torill Vinje på Daugstad.

- Vi ønsker at "Open gard" kan bli eit fast arrangement i Vestnes, seier Torill Vinje til Bygdebladet.

BB - EDMUND MELKILD

"Open gard"-arrangementa har 30-årsjubileum, men er ikkje blitt arrangert meir enn ein par gonger tidlegare i Vestnes.

- Vi håper på godt vør og mykje folk. Og blir det ikkje bra vør er det likevel ingen grunn til å bli heime. Vi blir her uansett. Blir det regn har vi ordna oss slik at det er mulegheit for å sitte under tak. Vi i bondelaget håper å gjere "Open gard" til eit fast arrangement i Vestnes, seier Vinje.

### Spennande for barn

Det kostar ingen ting å komme inn, og det blir sal av både kaffi, kaker og varm mat.

- Og så blir det mykje spennande å sjå for barna. Mjølkekyr som blir mjøka



Torill Vinje ønsker velkommen til "Open gard" i Daugstadvegen 327 neste helg.

av mjølkeroboten, oksar, kalvar, sauer, høns og kanskje kaninar. Og så blir det høve til å køyre med hest og vogn, og kanskje blir det også natursti, seier Vinje.

Det blir også utstilling av ein del landbruksmaskiner.

- Der kan ein samanlikne dagens utstyr med det som tidlegare vart brukt med hest som drivkraft.

### Lokal mat

Det er også invitert lokal-matprodusentar som vil selje produkta sine. - I tillegg til dei store som

Tine og Nortura skal det også vere plass til småskalaprodusentar i landbruket.

Vi får også besøk av ein Tine-ambassadør. Det blir smaksprøver på ridderost frå meieriet i Tresfjord. All kumjølk frå gardane i Vestnes går til osteopro-

duksjon der, seier Vinje.

### Dugnad

Det følgjer ein del krevjande førebuingar ved eit slikt arrangement.

- "Open gard" er underlagt eit strengt regelverk frå Mattilsynet på grunn av matsikkerheiten. Vi har

ikkje same innarbeidde rutiner som besøkgardar med faste, årlege "Open gard"-arrangement. Derfor krevst ein del ekstra førebuingar. Men med eit felles dugnadsløft og god hjelp frå bondekollegaer blir dette veldig bra, seier Vinje.

## Tilskot til breibandsutbygging i nye Ålesund

- men midlar berre til Sandøy

Møre og Romsdal fylke har fordelt 22,3 millionar kroner til utbygging av breiband. Nye Ålesund kommune søkte om utbygging både i Ålesund, Ørskog, Skodje, Haram og Sandøy, men berre utbygginga på Harøya fekk midlar i denne omgang, 4,5 millionar.

BB - RUTH JANNE VINJE

Nye Ålesund kommune søkte Møre og Romsdal

fylke om over 10 millionar kroner til utbygging av breiband i den nye kommunen.

Områda som var søkt om midlar til var:

Ålesund/Taftasundet  
Ålesund/Magerholm-Hesseberg  
Haram/Hellestranda  
Skodje/Fylling-Hjelen  
Ørskog/Skarbø-Indre Vestre  
Sandøy/Harøya utanom Steinshamn

Til saman ville dette dekke 485 husstandar og prosjektet hadde ein estimert totalkostnad på 23.582.155 kr.

### Mange avslag

Regional- og næringsut-

valet i fylket behandla saka tirsdag. Det var 22,3 mill. kroner til fordeling, og ikkje alle søknadar vart imøtekomne.

Søknaden til nye Ålesund kommune vart rangert som nummer tre av dei som får tilskot, men det vart likevel ikkje løyvd til alle deler av den nye kommunen. Berre Harøya i Sandøy fekk tilskot.

Fylket skriv i si grunngeving: Prosjektet er godt gjennomarbeidd, men omfattande og med ein høg total søknadssum. Søknaden inneheld både realisering av grunnleggande tilbod

og forbetring av eksisterande tilbod, fordelt på seks geografisk avgrensa enkeltprosjekt.

For å få til ei best mogleg fordeling av dei knappe tilskotsrammene vel vi i denne omgang å plukke ut eitt av delprosjekta, nemleg Harøya i det som no er Sandøy kommune. Der vil ei utbygging gje grunnleggande tilbod til nesten 250 husstandar, til ein rimeleg pris. Den lokale eigenfinansieringa er sett noko lågt, difor er forslag til tilskot noko lågare enn omsøkt. Innstilling: Nye Ålesund kommune får 4,5 mill. kroner i tilskot til utbygging av grunnleggande breibandstilbod på Har-



Fiberutbygginga lar vente på seg. Ill: Colorbox

øya, utanom Steinshamn.

Også Liabygda i Stranda

kommune og Eidsdal/Valldal i Norddal kommune fekk avslag på grunn av for lite midlar.